



FYRESDAL KOMMUNE
Klokkarhamaren 6
3870 FYRESDAL

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato: 20.03.2026
Deres dato: 13.02.2026
Vår referanse: 26/03990-2
Deres referanse: 2026/233-2
Vår saksbehandlar: Kristine Gisholt

Førehandsuttale til søknad om dispensasjon - gbnr. 36/2 – utviding av massetak i LNF-område - Fyresdal kommune

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 13. februar 2026 om dispensasjon frå kommunedelplan for Fyresdal sentrum i Fyresdal kommune. Uttalefristen er sett til 11. mars 2026.

Telemark fylkeskommune har fått dispensasjonssøknaden oversend med bakgrunn i vurderinga til kommunen av at dispensasjonen rører ved våre saksområde. I samsvar med plan- og bygningslova (frå no av kalla pbl) § 19-1 skal regionale styresmakter bli høyrde før realitetsbehandling i kommunane.

Bakgrunnen i saka

Bakgrunnen for at det søkast om utviding av driftsområdet er at etablering av datasenter på Molandsmoen har eit stor behov for tilføring av knuste masser. I tillegg er det planar om bustadbygging og naudsynt oppgradering av infrastruktur, som gjer at behovet for masser er stort.

Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå kommunedelplan for Fyresdal sentrum for å kunne realiserast.

Kommunen sin vurdering:

Ei total vurdering av tiltaket syner at det ikkje vil føre til store ulemper på verken natur, landbruk eller friluftsliv. Området er per i dag ikkje i særskilt bruk til friluftsliv, det er ikkje registrert nokon form for ferdsel gjennom området. Skogsbilvegen gjennom området er nyleg lagt om til å følge den sørlege kanten av området, slik at ferdsel på vegen ikkje vil bli påverka i særleg grad.. Området ligg med kort avstand til Molandsmoen Industriområde og andre sentrumsnære utbyggingsområde, noko som reduserer transport avstand. Kort transport fører og til mindre CO2 utslepp. Det vil i dei fleste tilfelle vere betre å fortsett eit allereie eksisterande uttak enn og opne eit nytt.

Modølsåi er ein del av Daleåa bekkefelt som har god økologisk tilstand. Uttaket har vore i drift i over 20 år utan at Modølsåi har blitt påverka. Beskrivne tiltak for å avgrense avrenning frå uttaket synes og vere tilfredsstillande.

Kommunen ser ei utviding av eksisterande tiltak som ei god løysing for å dekke behovet for knuste masser i framtida.

Kommunen vil vere positive til å dispensere frå LNF til Råstoffutvinning i dette området.

Prosess for dispensasjonssaker

Etter pbl § 19-2 andre ledd kan det berre givast dispensasjon viss omsyna bak føresegna det blir dispenserte frå, eller formålsregelen i lova ikkje blir vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjonen vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det kjem fram av lovkommentaren til pbl at det skal tungtvegande grunnar til for å dispensere frå arealplanar, då dei har vorte til gjennom omfattande avgjerdsprosessar og deretter vedtekne av dei øvste folkevalde organa i kommunen. Vidare kjem det fram at dispensasjonen heller ikkje må undergrave planane som informasjons- og avgjerdsorgan.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Seksjon samfunn og plan

Planfaglege råd

Det er søkt om dispensasjon frå plankrav til ein utviding av eit massetak utover arealet som er sett av til råstoffutvinning i kommunedelplan for Fyresdal sentrum. Det aktuelle området er sett av til LNF. Det søkast om ein varig endring av arealbruken, og planfagleg sett, er det naturleg at tiltaket det er søkt om innlemmast som eit arealinnspel i kommuneplanen sin arealdel, som no rullerast, slik at det leggst opp til riktig arealbruk. Vi vurderer det derfor som uheldig at eit tiltak som i denne saka, blir vurdert sett i gang gjennom et dispensasjonsvedtak, framfor en ordinær planprosess som allereie er i gang. Ved å innlemme det aktuelle tiltaket som eit arealinnspel til arealdelen, vil det bli gjort ein konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiing på kommuneplannivå er ikkje nødvendigvis tilstrekkeleg, ettersom konsekvensutgreiing på dette nivået berre greier ut formålet og arealbruken, og ikkje vesentlege verknader av sjølve tiltaket.

Fylkeskommunen anbefalar at kommunen og stiller krav om reguleringsplan. En reguleringsplan gir kommunen mulighet til å stille nødvendige krav til drift, skjerming, miljøhensyn og etterbruk, og skaper tydeligere og mer forutsigbare rammer for både tiltakshaver og omgivelser.

Fylkeskommunen støttar utgangspunktet om at vidare drift i etablerte område er klart meir formålstenleg enn etablering av nye uttak. Likevel vurderer vi at søknaden ikkje dokumenterer ein klart større fordel enn ulempe ved dispensasjon samanlikna med ein reguleringsplan.

Vi har og hatt dialog med DMF, der dei anbefalar at kommunen ikkje innvilgar dispensasjon, men stiller krav om reguleringsplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing og seiar følgjande:

Dersom det ikkje ligg føre reguleringsplan med konsekvensutgreiing for masseuttak, kan det ved behandling av søknad om driftskonsesjon bli stilt krav om utgreiingar av tema som normalt blir vareteke i ein reguleringsplan. Vedlagt dette brevet følgjar tilbakemelding frå DMF.

Konklusjon

Telemark fylkeskommune frårår å gje dispensasjon og vil vurdere påklaging av eit eventuelt positivt vedtak. Eit positivt vedtak i denne saka vil vesentleg setje til side nasjonale og regionale interesser, og fylkeskommunen vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak.

Vi legg elles til grunn at kommunen i sitt endelege vedtak vurderer dispensasjonen opp mot vilkåra i lova slik dei kjem fram i pbl § 19-2.

Vi ber om å få tilsendt endeleg vedtak i saka.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleder
Samfunn og plan

Kristine Gisholt
rådgiver
kristine.gisholt@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding fra DMF - utviding av uttak

Mottakere:

FYRESDAL KOMMUNE

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
STATENS VEGVESEN